



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 29.04.2024
Vår ref: 24/00957-2
Deres ref: 202302572-10

Fråsegn til høyring av søknad om løyve til å byggje Blådalselva kraftverk i Gloppen kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 11. mars 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter vassdragsreguleringsloven.

Om saka

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sender søknad om løyve etter vassressurslova til å byggje Blådalselva kraftverk på høyring.

Fråsegn frå DMF

I søknaden, under punkt 2.2.9, står det at eventuelle massetak vil vurderast gjennom detaljplanlegginga, og at det planleggast uttak av morenemassar. Det går ikkje fram kor mykje massar det skal takast ut. DMF ser fram til å få detaljplanen for kraftverket på høyring.

Vi minner vi om at samla uttak på meir enn 10 000 m³ krev konsesjon før drifta kan starte jf. minerallova § 43 og at uttak på meir enn 500 m³ ser meldepliktig¹. Det er den som er ansvarleg for uttaket som også er ansvarleg for å avklare forholdet til minerallova og må sjå til å ha dei naudsynte løyve før uttak settast i gang.

DMF kan elles ikkje sjå at utbygging innanfor området det søkast konsesjon kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift, eller at det er registrert gamle gruver i området.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig

¹ Før oppstart av drift: <https://dirmin.no/arkiv/tema/oppstart-av-uttak>



verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Lars Libach
Fungerande seksjonsleiar

Arita Eline Stene
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Arita Eline Stene

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til: